


Osterøy kommune



**Fotlandsvåg barnehage**

VISJON: Saman om ein god barndom

## INNLEIING:

I følgje Lov om barnehagar (barnehageloven) og Rammeplanen for barnehagar, skal alle barnehagar utarbeida ein årsplan. Årsplanen skal ha fleire funksjonar:

- Arbeidsreiskap for barnehagens personale for å styra verksemda i ei bevisst og uttald retning.
- Utgangspunkt for foreldra til å kunna påverka innhaldet i barnehagen.
- Grunnlag for kommunens tilsyn med barnehagar
- Informasjon om barnehagens pedagogiske arbeid til eigar, politikarane, kommune, samarbeidspartar og andre interesserte

Årsplanen skal fastsetjast av barnehagen sitt samarbeidsutval. Spørsmål og innhald må drøftast i foreldrerådet og i samarbeidsutvalet. Styrar har det faglege ansvaret for innhaldet i årsplanen.

Årsplanen for Fotlandsvåg barnehage skal syna korleis det vert arbeida med dei kommunale satsingsområda, og samstundes gje informasjon om det pedagogiske innhaldet barnehagen arbeidar med.

Planen skal reviderast kvart år.

I Fotlandsvåg barnehage har me ein årsplan som er felles for heile barnehagen. Vi har ein progresjonsplan for kvart fagområde som viser ulik aldersprogresjon.

Vi nyttar VIGILO som skrifteleg informasjonskanal mellom heim og barnehage.

## **BARNEHAGENS SITT SAMFUNNMANDAT:**

### **Barnehagelova kap1 §1 Formål**

”Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene.”

Barnehagen skal bygge si verksemd på etiske grunnverdier i samfunnet vårt.

Normer; akseptable rammer i samvær med andre, samfunnsmessige krav, sosiale krav.

Personalet skal gje borna rettleiing i høve til eigen væremåte, og lære dei ulike måtar og uttrykkje seg på.

Oppseding skal skje i nær forståing med heimen.

## **VISJON OG VERDIAR**

### **Visjonen til Osterøybarnehagane ( jfr Kvalitetsplan 2019-2022)**

*«Saman om ein god barndom»*

**Barnehagen skal arbeide målretta og systematisk for at kvart barn skal oppleve ein god barndom i eit inkluderande, trygt og godt barnehagemiljø.**

**Personalet må sikre tryggleik og god omsorg for alle barn -kvart barn skal bli møtt med respekt og anerkjenning.**

#### **Barnehagane skal:**

- Syte for at borna opplever livsmestring og glede i barnehagen
- Skape utvikling hjå barn i lek og aktivitet ute og inne
- Fremje god psykisk helse
- Bidra til gode vanar i høve ernæring og matglede
- Fremja berekraftig utvikling og gje allsidige naturopplevingar

Osterøy kommune har i si profilering valt 4 verdiar som skal vera gjeldane for *alle tenestene* i kommunen.

**Omsorg** : Barn har rett til omsorg og skal møtast med omsorg. I Fotlandsvåg barnehage betyr det:

- Vi skal ta vare på kvarandre
- La alle komma til orde og bruke tid til samtale med dei i ulike situasjonar
- Vi ser det enkelte barn og deira behov
- Vi viser nærleik, halde i handa, sitje på fanget, ruske i håret og liknande, god tid i stellesituasjoner
- Vi skal visa forståing og empati til barnet
- Vi er til stades når nokon treng det
- Barna skal føla seg som ein viktig del av felleskapet

**Respekt**: Dei vaksne i barnehagen skal møta barna med tillit og respekt, og anerkjenna barndom sin verdi i seg sjølv.

- Vi skal ha god tid
- Vi skal lytte til kva barnet har å seie, tolke kroppsspråket
- Vi skal minna kvarandre på at alle er forskjellige
- Vi skal respektera kvarandre, barn-barn, vaksne-barn, og vaksne-vaksne
- Vi skal gi bekrefting på barna sine kjensler og meiningar
- Vi seier unnskyld og beklager når vi har tatt feil
- Vi vaksne er gode rollemodellar
- Godta andre for den dei er, kven dei er

**Tydeleg**: Barna i barnehagen skal møta vaksne som er tydelege og tilgjengelege, som veit og kan barna si utvikling og barna sine behov.

I Fotlandsvåg barnehage betyr det:

- Vi vaksne skal ta ansvar og gripe inn i samspel og relasjonar barna imellom
- Vera bevisst si eiga rolle som ein varm og grensesetjande vaksen i arbeidet med borna.
- Gir barna merksemd, er kompetente og varme vaksne som er tilstades
- Den vaksne viser glede over barnets meistring saman med han eller henne.
- Alle vaksne har som rollemodellar eit særlig ansvar for å etterleve og formidle det verdigrunnlaget barnehagen har.
- Personalet må vera spesielt medvitne på kva dei seier, korleis dei snakkar til kvarandre og saman når barn er i nærleiken.
- Vi skal praktisera ein empatisk væremåte

**Ærlig**: Barna skal møte vaksne som er lyttande og anerkjennande i sin kommunikasjon

- Dei vaksne skal visa innleving i andre sin situasjon
- Dei vaksne skal bidra til solidaritet, toleranse og nestekjærighet, dette har stor innverknad på kva haldningar borna utvikler.
- Lære barna forskjell på rett og gale etter gjeldane normer og verdiar som gjeld elles i samfunnet vårt

## FORMÅL OG INNHOLD

### OMSORG, LEIK, DANNING OG LÆRING

Omsorg er ein føresetnad for at born skal vera trygge og trivast, og for at dei skal utvikle empati

- Vi arbeider bevisst for å sjå det enkelte barn og deira behov gjennom relasjon
- Vise nærleik, sitje på fanget, prate, syngje, god tid i stellesituasjonar, humor og varme
- Støtta og oppmuntre barna til å visa omsorg for andre og til sjølv å ta imot omsorg
- Personalet skal ha kunnskap om trivsel og den allsidige utviklinga i gruppa og individuelt

### LEIK:

Leiken har ein sjølvskreven og viktig plass i barnehagen.

Mål: Barnehagen skal bidra til den gode barndommen ved å gi alle barne høve til leik.

- Leiken er viktig for at barna skal trivast, og er ei grunnleggjande livs- og læringsform.
- Leik gir LIVSGLEDE. Den er born sin mest sentrale erfaringsbase.
- Leiken lærer born sosialt samspel med andre.
- Dei vaksne må leggja til rette for og vera aktive for å gje leiken gode vilkår.
- Vaksne som deltek i leik skal rettleia born som fell utanfor, rettleia i konflikter, hjelpe på rett spor, og komma med tips til å driva leiken vidare
- Vi vil vera fleksible på dagsrytmen slik at borna får tid til å fordjupe seg i leiken.
- Vi tilrettelegg for **konstruksjon, estetiske aktivitetar, rolleleik, spel, bøker, bil/togleik, materiell for språkleik og talforståing. God golvplass inne hjå dei minste.**
- Ute kan dei utfalde seg fysisk på ulike måtar som ;klatre, sykle, ake, skigåing, snekre, leik med sand, vatn, jord. Fordele seg over heile uteplassen.
- Vi deler borna i mindre grupper og den vaksne er deltakande og støttande i leiken

*Sitat Astrid Lindgren:*

«Jeg skulle ønske dagens barn  
 Lekte mer enn de gjør  
 For den som leker som liten  
 Får en rikdom inni seg  
 Som man kan øse av hele livet  
 Man bygger opp en varm, hyggelig  
 Verden inni seg  
 En verden som gir styrke om livet blir vanskelig  
 Et sted man kan ty til i motgang og sorg»

## DANNING

**Danning handlar om å bli seg sjølv ilag med andre. Leiken er barnet si eiga dannelsesreise.**

Mål: Leggja grunnlaget for at born skal delta aktivt i eit demokratisk samfunn.

I Fotlandsvåg barnehage betyr det:

- at alle barn får erfaringar med å delta i og bidra til felleskapet
- at alle barn får bekrefta si tilhøyrsløse til familien og lokalsamfunnet sitt språk og kultur.
- personalet skal jevnlig reflektere kva danning inneber for barn og vaksne, og syter for at praksis og innhaldet i barnehagen er i tråd med verdigrunnlaget.
- å lære borna å ta kontakt med andre på ein passende måte
- øve å sjå ting frå andre sin ståstad
- ta hensyn til andre
- å gjera ting som er til nytte for andre, utan å ha vinning sjølv
- å knyta gode vennskap med glede og humor

## LÆRING

I barnehagen legg vi til rette for både formelle og uformelle lærings situasjonar. Vi meiner at den beste forma for læring skjer i samhandling med andre, og gjennom opplevingar og konkrete erfaringar som born gjer.

Vi skal leggja til rette for eit aktivt og variert læringsmiljø i barnehagen.

- La dei få god tid til leik
- La dei vera aktive deltakarar i einskilde læringsprosessar
- Gje dei varierte og utfordrande opplevingar
- La dei bruke alle sansane sine
- Leggja til rette for gode relasjonar i høve til andre menneske
- Gje rom for undring og filosofering
- La dei oppleve glede, humor og ny meistring
- La dei bruke kroppen sin både finmotorisk og grovmotorisk
- Fortelje og lese for dei
- Delta i praktisk arbeid,- handtere ulike reiskap.
- Formidle aktuell fakta kunnskap

## BORNS MEDVERKNAD

Barnehagelova §3 gir born rett til medverknad, bl.a. står det:  
«Barn i barnehage har rett til å gi uttrykk for sitt syn på barnehagens daglige virksomhet»

FN sin barnekonvensjon legg vekt på at barn har rett til å seie kva dei meiner om alt som gjeld dei sjølve, og at meiningane skal telje. Barn har rett til å uttrykkje seg og påverke alle sider av livet i barnehagen.

### Born sin medverknad i barnehagen krev; refleksjon, sensitivitet, solidaritet og nestekjærleik.

- I barnehagen vil vi leggja vekt på at borna skal få velja mellom fleire aktivitetar, og leike ut frå eiga interesse.
- Vi vaksne skal **sjå og lytta** til borna, la oss inspirera av kunnskapen, engasjementet og interessa til borna.
- Borna skal ha **rett til å seie kva dei meiner om alt som gjeld dei sjølve**. Det krev rom og tid til å lytta og samtale med borna.
- Medverknad er avhengig av alder og modning.
- Dei yngste borna tolkar ein gjennom **kroppsspråk og kjensleuttrykk**.
- Vi skal støtta borna i opplevingane sine slik at dei vert trygge på eigne kjensler.
- Barnehagen sitt fysiske miljø er ein viktig faktor for at borna kan velja etter interesse og behov.
- **Å verta sett** av andre er heilt avgjerande for vidare utvikling, og for at born skal ha moglegheit til å påverka miljøet sitt, og dermed kunne ha medverknad.
- Vi vaksne må tenkja gjennom kva som er til det beste for kvart enkelt barn. Det betyr at vi må ha kunnskap, innsikt, og ikkje minst evne til **empati**.

## VENNSKAP OG FELLESKAP

Sosial kompetanse er ein føresetnad for å fungere godt saman med andre, den vert utvikla gjennom sosialt samspel.

**Ferdighetar** : samarbeid, sjølvhevding, sjølvkontroll, empati, ansvar, gjennom leik og samhandling.

**Glede og humor er viktige byggesteinar for eit godt leikeklima.**

Barnehagen skal aktivt leggja til rette for utvikling av vennskap og fellesskap. Vi skal støtta sjølvkjensla og hjelpe born å balansera eigne behov, samstundes som dei lærer å ta omsyn til andre. Gjennom kompetanseløftet «være saman» har vi jobba med vaksenrolla for å verta ein autoritativ vaksen i samspel med borna.

Personalet skal:

- Vera «autoritative» vaksne som er tydelige og varme i si rolla gjennom samspel og relasjonsbygging med borna
- Støtta borna i samspel, læra å inkludera born i leik, få oppleve vennskap og halde på vennskap
- Reflektera ilag med borna om eigne og andre sine kjensler, opplevingar og meiningar
- Øve borna til setja eigne grenser, sjølvhevding, respektere andre sine grenser og øva på konfliktløysing
- Førebyggje, stoppe og følgje opp diskriminering, utestenging, mobbing, krenkingar



## LIKESTILLING OG LIKEVERD

Ein inkluderande barnehage skal være egna for alle og tilpassa den enkelte. Inkludering er ein kontinuerlig prosess.

Barnehagen skal motverke alle former for diskriminering og fremja nestekjærleik

Vi vil jobba med «likestilling i barnehagen» på følgjane måte.

- Observera kva jenter og gutar vel av leikemateriell og aktivitetar
- Refleksjon i personalgruppa kva vi ser i frileiken
- Observera kvarandre om vi tilrettelegg bevisst /ubevisst for jente/ gut, eller uavhengig av kjønn.
- Refleksjon over haldningane våre,- behandla jenter og gutar på lik linja. Same krav til sjølvkontroll og sjølvhevdning.
- Begge kjønn skal verta tilbydd eit breitt spekter av aktivitetar og leikeutstyr.
- Diskutere i personalgruppa kva «merkelappar» ein set på enkelte jenter/gutar
- Refleksjon over personalet sine egne haldningar for best mogeleg å formidle likeverd

## SATSINGSOMRÅDE:

### KOMMUNIKASJON,SPRÅK OG TEKST

Osterøy kommune har fått status språkkommune, der barnehagane og skulane jobbar med utviklingsarbeid gjennom språkløyper og aktive prosjekt grupper.

Barnehagepersonalet skal få auka kunnskap ,verktøy og tryggleik i arbeidet sitt med språkutviklinga til born.

- Fokus på leseaktiviteter, biletbøker, leik med skriftspråk, bokstavsymbol.
- Kvardagsamtalar, ordforråd, rim, reglar, song og musikk
- Tidleg innsats for å oppdaga /følgje opp born med språkvanskar
- Fleirspråklege barn skal få utvikle gode norskspråklege ferdigheitar
- Tett samarbeid barnehage /heim ang. informasjon om satsingsområdet
- Tett samarbeid barnehage og skule m.h.t innsikt i språkarbeidet til kvarandre, sikre god overgang.
- Kontinuerlig vurdering og dokumentasjon av språkarbeidet
- Delta i faglege nettverksgrupper

**BARNEHAGEN SITT SATSINGSOMRÅDE:**

Berekraftig utvikling er ein del av verdigrunnlaget til rammeplan for barnehagen.

Vi har eit særlig ansvar for å gi barn kunnskap og utvikle respekt og kjærleik til naturen, og det mangfaldet naturen gjev oss.

Barna skal lære å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen gjennom aktivt friluftsliv.

- Natur og friluftsliv: Gjera uteleikeplassen meir spanande og tilretteleggja for nye pedagogiske aktivitetar ute i staden for inne.
- Vi er ute i allslags vær, kjenna på kontrastane, mestre risikosituasjonar gjennom lek
- Bruka naturleikeplassen med lavvo på faste turdagar
- Bruke bålpanne eller lage mat på bål på utedagane våre
- Studere småkryp, planter, fuglar og insekt. «vis og fortel» til borna
- Observer årstidene og bruka sansane aktivt kva som skjer ute i naturen gjennom eit år
- Bruka formingsaktiviteter ute
- Gje borna allsidig motorisk trening i ulendt terreng, utfordring og spenning.
- Rolleleik i skogsmiljø med naturmateriale
- Redusere bruk av eingongsartiklar
- Kjeldesortering, papir, plast, glas og metall
- Lage kjøkkenhage
- Involvere foreldre/føresette i arbeidet

## FØREBYGGJE UTESTENING:

For å førebyggje utestenging skal barnehagen jobbe aktivt for å skape eit trygt og godt miljø.

- Å leggja til rette for ein god start for det enkelte barn
- Å sikre at kvart enkelt barn blir sett og høyrte jfr. Verdigrunnlaget til barnehagen.
- Fokus på vaksenrolla, vera tydelege på kva verdier dei vaksne praktiserer
- Å ha mobbing som tema på avdelingsmøte, personalmøte og i samarbeid med foreldre/føresette
- Systematiske observasjonar i barnegruppa for å førebyggje utestenging
- Rettleie borna kontinuerlig i korleis vi tek kontakt og snakkar til kvarandre i leik og daglig aktivitet

## TILTAKSPLAN I FOTLANDSVÅG BARNEHAGE

- Fokus på utestenging og avdekking gjennom:
  - kartlegging av miljøet
  - vaksne som ser og høyre
  - systematisk observasjon
- Vi har nulltoleranse for utestenging, om dette vert oppdaga vert det sett i gong tiltak
- Pedagogisk leiar og styrar er ansvarleg
- Loggføring-samtale med dei involverte barna
- Foreldre vert informert
- Møte med foreldre
- Utarbeide tiltaksplan
- Oppfølgingsamtale med barn og foreldre.

## Barnehagen sin digitale kompetanse:

I barnehagen nyttar vi ulike digitale verktøy som fotoapparat, ipad og interaktiv skjerm.

Personalet skal utøva digital dømmekraft og vere aktive saman med borna.

## FAGOMRÅDA I BARNEHAGEVERKSEMDA

Rammeplanen deler barnehagens innhald i sju fagområde for å letta planlegging av eit variert og allsidig pedagogisk tilbod. Dei ulike fagområda skal dekkja eit vidt læringsfelt, og fleire fagområde vil og vere representert samtidig i barnehagens daglege aktivitet. Vi tilrettelegg lærestoff, arbeidsmåtar, utstyr og organisering med tanke på borna sine ulike behov, alder, interesser, barnegruppa si samansetnad og elles andre føresetnader. Vi jobbar med fagområda i både formelle og uformelle læresituasjonar og gjennom prosjektarbeid.

Fagområda er:

- Kommunikasjon, språk og tekst
- Kropp, rørsle og helse
- Kunst, kultur og kreativitet
- Natur, miljø og teknikk
- Etikk, religion og filosofi
- Nærmiljø og samfunn
- Tall, rom og form

Vi vil ha fokus på fagområda slik, og tilpassa det pedagogiske arbeidet etter alder.

### **Kommunikasjon.språk tekst:**

- Personalet skal tilpassa språkleg aktivitet til borna sine språklege ferdighetar, interesse og initiativ.
- Bruka språkutviklande samtalar og forteljing
- Aktivt bruk av språk i borna sine aktivitetar og leik
- Lese bøker og arbeide med innhaldet språkleg
- Arbeide med ordforråd og omgrepsforståing gjennom konkrete opplevingar.
- Stimulere skriftspråket gjennom, rim, lyd, rytme, song, møte bokstavsymbol, leikeskrive, skape tekst saman med borna, lese tekstane som borna har laga.
- Låna bøker på bokbussen

### **Kunst- kultur og kreativitet:**

- Leggja til rette for skapande aktivitetar på bornas premisar
- Jobbe tredimensjonalt, lage skulpturar, leire, pappmasje og liknande
- Fokus på teikneutviklinga, leggje til rette med godt materiell og skrive tekst til
- Invitere lokale kunstnarar på besøk for å gi inspirasjon til kreativt arbeid
- Bruke norske kunstnarar sine maleri til å fordjupe, inspirere barn og personale

**Etikk -religion og filosofi:**

- Undre seg og filosofere ilag med borna, før den vaksne kjem med eit svar
- Formidle høgtidsfeiring og tradisjonar i samfunnet vårt
- Lære og rettleie borna kva normer og verdiar som gjeld i samfunnet elles
- Bruka bøker som omhandlar tema
- Livet sitt kretsloop

**Nærmiljø og samfunn**

- Gjera oss godt kjend i barnehagen sitt nærmiljø, lære namn på stader, kva arbeidstader som finns og liknande. - bruka turdagane til dette.
- Bedriftsbesøk
- Fortelje borna kulturhistorie frå bygda vår, sjå på gamle fotografi, gamle gjenstandar og liknande.
- Studere kart over nærmiljøet

**Tal rom og form:**

- Leik med talsymbol, telje, mengd, geometriske formar, vege, måle, sortere,
- Øve opp romfølelse, bak, framme, oppe, nede, og liknande.
- Spel, puslespel, lego-konstruksjon, snekring, konstruere ting av einskilde materiale
- Studere design

**Kropp-rørsle-helse:**

- Ein fast turdag i veka hovudsaklig i ulendt terreng
- Lære borna gode sunne matvaner, tilby meir grønsaker og fiskerettar
- Allsidige sanseopplevingar ute
- Gi borna mykje fysisk nærleik og tilgjengelege fang.
- Lære å ta vare på kroppen, hygiene, kroppsbevissthet
- Gi borna gode vilkår for grov /fin-motorisk aktivitet ute og inne i barnehagen.

**Natur-miljø-teknikk:**

- Gjera minst eit teknikk eksperiment ute i naturen i månaden
- Lære borna om miljøvern, kjeldesortering, ta vare på naturen vår.
- Gi borna rike sanseopplevingar ute i naturen
- Studere planter, småkryp, fugler og dyr-spor etter dyr
- Matauk, kjøkkenhage –lære kvar maten vår kjem i frå
- Enkel teknikk i praktisk arbeid, heise, dra, løfte, praktisk arbeid med verktøy.

Det vil koma tydeligare fram i vekeplan kva avdelinga jobbar med, og dermed kva fagområde det vert knytt opp mot.



## SAMARBEID BARNEHAGE / HEIM

Lov om barnehagar § 1 seier at barnehagen skal: *”i samarbeid og forståing med heimen ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.”*

Barnet er det kjæraste foreldre har, og dei skal oppleva at det er trygt å overlata barnet til oss. Barnehagen skal vera eit supplement til heimen, og vi skal syne respekt og vera støttande til samarbeidet.

- Vi set borna i sentrum og presiserar at samarbeidet tuftar på det. Å setja borna i sentrum krev ei grunngjeving og nær dialog med foreldra.
- **Den gode dialogen** når foreldre og personalet har ein likeverdig og utvekslande samtale
- **Ulikskap** som blir vareteke når personalet evnar å samarbeide med alle foreldre
- **Haldningar** som byggjer på respekt, tillit og tryggleik skal liggje til grunn i møte med barn og foreldre
- **Inkludering** der barnehagen høyrer og ser alle, slik at alle får medverke til innhaldet og i arbeidet til barnehagen
- **Myndiggjering** av foreldre ved å gi god informasjon, munnleg og skriftleg etter behov. Ta dei med på råd og lytte til dei.

### DAGLEG KONTAKT

Den daglege kontakten når borna kjem i barnehagen og vert henta er den viktigaste kontaktforma. Her utvekslast beskjeder, idear, og anna viktig informasjon. Når barnet vert henta er målet å fortelja litt om korleis dagen har vore for kvart enkelt barn. Det kan nokon gongar vere informasjon som ikkje vil/skal verta delt i nærvær med barnet.

Då er det anledning til å gå i eit anna rom, ringe seinare eller be om eit møte.

### FORELDRESAMTALAR

For born/foreldre som er heilt nye i barnehagen har vi oppstartssamtale. Her utvekslar me gjensidig informasjon som kan vere viktig for at barnet skal få ein best mulig start i barnehagen. Elles vert det i løpet av året avvikla to foreldresamtalar der ein utvekslar informasjon og diskuterer korleis ein best kan samarbeida om barnets trivsel og utvikling. Er det behov for møte utanom dette er det berre å gje beskjed.

### FORELDREMØTE

Det vert avvikla eit haust- og eit vår-foreldremøte. Foreldremøte om hausten vert det gjeven generell informasjon på kvar avdeling og generell informasjon som gjeld heile barnehagen. Det skal og veljast foreldrerepresentantar til barnehagens samarbeidsutval. Vår-foreldremøtet vil som oftast ha eit tema som innhald.

### SAMARBEIDSUTVAL

Består av foreldre/føresette og tilsette i barnehagen. Barnehagen sin eigar stillar med ein representant og styrar i barnehagen. Samarbeidsutvalet skal vera eit rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ som skal fastsetja årsplanen og ta opp saker som er viktige for barnehagen.

## **SAMARBEID BARNEHAGE - SKULE**

5-åringane har eiga førskulegruppe der dei har ulike tema som førebur dei til skulestart.

Vi har ekstra fokus på: **Fremja positive relasjonar og sosial kompetanse**

**Emosjonell kompetanse**

**Sjølvrulering**

**Dei vaksne si omsorg og nære relasjonar er heilt avgjerande for god utvikling hjå førskuleborna.**

Vi øver og på :

Leik med tal, språklydar, omgrep, rim/regler/dikt og verta kjend med bokstavar.

Presentere talrekkja, øve mengder, gometriske former, og spela spel/puslespel.

Lese bøker, høyre musikk, danse

Øve opp finmotorikken blyantgrep, klippe med saks, teikne og male.

Øve grovmotorikk i ulendt terreng.

Relasjonsbygging, vennskap, sosial kompetanse er gjennomgangs tema heile året.

Vi er fysisk nær knytt til skulen.

Barnehagen skal i samarbeid med skulane leggja til rette for at borna får ein god overgang frå barnehage til skulestart.

Vi gir skulen generell informasjon kva 5-åringen får av ulik læring og erfaring i barnehagen si verksemd.

1.klasse lærar er i dialog med oss og seier noko om kva som kan vera lurt å førebu/ trene på i høve til skulestart.

Vi har to felles utedagar om våren for å verta kjend med læraren og deira læringsarena.

5.års gruppa får og vitja 1.klasse rommet og vera ilag med 1.klassen 2-3 skuletimar.

Dersom barnehagen skal gi info om enkeltbarn til skulen skal dette vera skriftlig med foresatte si underskrift.

Slik info vil innehalde kva barnet meistar, ressurser, interesser og kva dei evt. treng særskild støtte til. Gode didaktiske metodar som vi i barnehagen nytta oss av.



## BARNEHAGEN SOM LÆRANDE ORGANISASJON

Barnehagen er ein pedagogisk verksemd som skal planleggja, dokumentera og vurdera det arbeidet ein gjer.

### PLANLEGGING

Planverket tek utgangspunkt i målet om at det me gjer skal vera til borna sitt beste. Dei erfaringane me får gjennom observasjon, refleksjon og vurdering, og dei kunnskapane me har om born si utvikling dannar grunnlag for planlegging av dagane i barnehagen, tilrettelegging og organisering.

Ut frå kvar aldersgruppering sin utarbeidde temaplan, lagar ein månadsplanar der ein kjem nærare inn på aktivitetar, tidfesting av desse og arbeidsmetodar ein vil bruka. Månadsplanane er òg ein reiskap for heimen til å samtale med borna om det som skal skje eller det dei har opplevd. Planane kan sjølvstøtt verta forandra undervegs fordi borna er opptekne av andre ting eller at det skjer noko uventa.

På kvar månadsplan er det òg eit månadsbrev som fortel kva ein har gjennomført førre månad av det som var planlagt, og kort om det som skal skje neste månad. Her kjem det og informasjon til heimen.

### DOKUMENTASJON

Barnehagen sin dokumentasjon skal gje foreldre og eigar informasjon om kva borna opplever, lærer og gjer i barnehagen. Den skal nyttast som verktøy for refleksjon og vurdering av det arbeidet som vert gjort. Dokumentasjon er eit viktig hjelpemiddel både for å sjå enkeltborn og heile gruppa. Den synleggjer det me gjer og det kan fremma foreldra si deltaking i barnehagen. Samtidig er det ein reiskap for borna til å vise det dei kan.

Me dokumenterer på ulike måtar:

- Me tek bilete av born i lek og aktivitetar dei heldt på med. Desse nyttar me på ulike måtar til å vise kva borna opplever i barnehagen.
- Tilstellingar for foreldre, besteforeldre og andre
- Utstillingar i barnehagen av teikningar, maleri og andre formingsprodukt som borna har laga.

**VURDERING:**

Arbeidet i barnehagen skal heile tida vere under vurdering, det vil seia beskrivast, analyserast og tolkast ut frå kriterium i barnehagelova og rammeplanen.

Vurdering er òg viktig for å kunna fornya verksemda og barnehagen som organisasjon.

Kvar avdeling velje kva dei skal vurdere ut frå noko som er viktig å ha fokus på i barnegruppa.

Dette temaet kjem fram i avdelingsplanen.

Alt arbeidet me gjer i barnehagen skal tenkjast gjennom. Målet vårt er å alltid kunna verta betre.

- Fungerer dette? Kvifor / kvifor ikkje, for kven, kva må endrast og på kva måte?
- Nådde me måla; kvifor / kvifor ikkje?

Difor kan me ikkje utelata noko sjølv om me har valt å vurdere eit bestemt område.

Vi vil spesielt jobba med å implementere den **autoritative voksen** stilen hjå personalet.

Når me vurderer må me trekkja inn både personalet, born og foreldre. Dette gjer me på ulike måtar. Dokumentasjonen me har er ein viktig reiskap for å vurdere. Observasjonar me har av borna og barnegruppa vert nytta i planleggingsarbeidet for å sjå kva behov kvar enkelt barn og gruppa har: kva er dei opptekne av, interessert i, osv.

- Personalet vurderer tema dei har jobba med når dei er ferdige, og elles det som skjer i barnehagen på sine møter. Vi nyttar eigne skjema for dette.
- Foreldra kan vera med å vurdere det arbeidet me gjer i barnehagen på foreldresamtalane, foreldremøte og i SU.
- I samband med enkelt saker kan ein nytta spørjeskjema
- Barnesamtale med dei eldste borna.

Det som kjem fram i vurderingsarbeidet tek me med vidare for å gjere barnehagen betre. Me vil fylgje opp med nye tiltak og endringar av planane me har lagt om nødvendig.